



Meteorologisk
institutt

No. 32/2023
METEOROLOGI
Bergen, 10.11.2023
ISSN 1894-759X


METinfo

Hendelserappport

**Svært kraftige vindkast i delar av Agder, Rogaland og Vestland, 20.-21.
oktober 2023**

Forfatterar: Magni Svanevik, Magnus Haukeland , Geir Ottar Fagerlid og Håkon
Mjelstad

Godkjent av avdelingsleiar: Reidun Holmøy



Innhold

Samandrag	2
Versituasjonen	2
Prognosar	5
Farevarsel	7
Onsdag 18. oktober	7
Torsdag 19. oktober	9
Laurdag 21. oktober	13
Observasjonar frå det aktuelle området	15
Vindobservasjonar frå utvalgte stasjonar frå involverte fylke	15
Rekordar	18
Konsekvensar	19
Skader og infrastruktur	19
Medieklipp	21
Oppsummering/Konklusjon	22


Samandrag

Torsdag 19. oktober til laurdag 21. oktober hadde vi ein situasjon der eit kraftig lågtrykk over Storbritannia kombinert med eit sterkt høgtrykk over Nord-Skandinavia, laga eit kraftig austleg vindfelt. Den sterkaste vinden var venta i Sørvest-Noreg frå fredag ettermiddag til laurdag kveld. I perioden frå torsdag til laurdag vart det sendt fleire gule vindkastvarsel, samt eit oransje vindkastvarsel frå fredag ettermiddag til laurdag kveld.


Uveret fekk fleire og langvarige konsekvensar. Uveret førte til straumbrot på grunn av trefall, stengde vegar/bruar og innstilte ferje/fly/helikopter. Det vart også stengt eller innført kolonnekøyring på nokre fjellovergangar på grunn av snøfokk. Det var kysttroka i Agder som fekk dei mest alvorlege konsekvensane. På Lindesnes var det observert sterk storm.

Versituasjonen

Eit kraftig lågtrykk over Storbritannia kombinert med eit sterkt høgtrykk over Nord-Skandinavia, laga eit kraftig austleg vindfelt. Frå fredag ettermiddag og utover laurdag var det venta lokalt svært kraftige vindkast i delar av Agder, Rogaland og Hordaland. Dei kraftigaste vindkasta var venta i indre fjord- og dalstrok på Sørvestlandet, og kystområda i Agder. Her var det venta vindkast på 28-36 meter i sekundet frå aust. I fjellet var det venta storm og snøfokk. Figur 1 og Figur 2 syner analysen frå fredag kveld og laurdag morgon, og som syner at situasjonen var temmeleg stasjonær.




Figur 1. Analysekart av synoptisk versituasjon over Skandinavia fredag 20. oktober kl 20.



Figur 2. Analysekart av synoptisk versituasjon over Skandinavia lørdag 21. oktober kl. 08.


Prognosar

Eit stasjonært høtrykk over Nord-Skandinavia gjorde at trykksituasjonen endra seg lite ved denne hendinga, og prognosane endra seg også lite frå modellkøyring til modellkøyring. I tekstvarselet frå meteorologane vart det varsla nordaust full storm på kysten av Agder. I tekstvarselet for Rogaland og Hordaland blei det varsla “austleg liten til full storm utsette stader”. I figur 3 kan ein sjå vindprognosa for laurdag 21. oktober klokka 00 utc. I figur 4 kan ein sjå eit returverdikart for same vindprognose, der fargane representerer farenivå basert på 2-, 10-, eller 25-års returverdi.



Figur 3. Bakkevind (10m) laurdag 21. oktober klokka 00.

Lordag 2023-10-21 00 UTC



Figur 4. 65-persentilen for returverdiar laurdag 21. oktober kl. 00 utc, frå meps 06-køring fredag 20. oktober. Fargepaletten tilsvarer 2-(gult), 10- (oransje), eller 25-års (raudt) returverdi.

Farevarsel

Onsdag 18. oktober vart det sendt eit gult farevarsel for indre strok av Hordaland, og delar av Rogaland og Agder, med gyldighetstid frå torsdag morgon til fredag ettermiddag. Torsdag 19. oktober vart det sendt farevarsel på oransje nivå for svært kraftige vindkast i delar av Agder, og indre strok av Rogaland og Hordaland, gyldig frå fredag 20. oktober kl. 15 til laurdag 21. oktober kl. 20. Det vart også sendt to gule farevarsel, eit for delar av Vestlandet, Sør-Trøndelag og fjellet i Sør-Norge, og eit for delar av Agder og fjellet i Sør-Norge. Figur. 5 syner alle områder det var ute farevarsel på vindkast for. Fredag 20. oktober var det ingen oppdatering av gyldige farevarsel. Laurdag 21. oktober vart det oransje farevarselet oppdatert til “observert”, det vart lagt til tekst i farevarselet med observasjonar, og sluttidspunktet vart satt to timar fram til kl. 18, lørdag 21. oktober. Det vart laga ein artikkel på [met.no](https://www.met.no), som vart oppdatert gjennom denne hendinga.

Onsdag 18. oktober


Tabell 1: Oversikt over utstedte farevarsel for vindkast onsdag 18. oktober

	Utfordrende	Alvorlig	Ekstremt
Observert			
Sannsynlig	Indre strok av Hordaland, Rogaland og Agder		
Mulig			

Farevarsel gult nivå, kraftige vindkast, Indre strok av Hordaland, Rogaland og Agder

Faren øker frå	torsdag 19. oktober 2023, kl.08:00
Faren avtar	fredag 20. oktober 2023, kl. 15:00
Varselfarge	Gul

Varseltekst	Det ventes lokalt kraftige vindkast på 28-35 m/s fra øst. Vinden ventes å øke torsdag morgen.
Konsekvenser	Løse gjenstander kan blåse avgårde. Mulighet for kansellerte avganger for ferje, fly eller annen transport. Broer kan bli stengt. Enkelte reiser vil kunne få lenger reisetid. Strømforsyningen kan bli påvirket, for eksempel som følge av trær som knekker eller kommer i kontakt med strømmettet. Enkelte veier kan bli stengt på grunn av trær eller andre objekter i veibanen.
Anbefaling	Sikre løse gjenstander. Unngå unødvendig ferdsel på utsatte steder. Følg råd og sjekk status fra transportaktører. Sjekk veimeldinger (175.no). Vis forsiktighet ved ferdsel i strandsona og på sjøen. På forhånd vurder tiltak for å begrense skade.
Betydning av varslingsnivå	Utfordrende situasjon
Sannsynlighet	> 50%



Figur 5. Illustrasjon vedlagt gult farevarsel sendt onsdag 18. oktober.

Torsdag 19. oktober

Tabell 2: Oversikt over utstedte farevarsel for vindkast torsdag 19. oktober

	Utfordrende	Alvorlig	Ekstremt
Observert			
Sannsynlig	Deler av Vestlandet, Sør-Trøndelag og fjellet i Sør-Norge Deler av Agder og fjellet i Sør-Norge	Deler av Agder, og indre strøk av Rogaland og Hordaland.	
Mulig			

Farevarsel gult nivå, kraftige vindkast, deler av Vestlandet, Sør-Trøndelag og fjellet i Sør-Norge

Faren øker fra	fredag 20. oktober 2023, kl. 15:00
Faren avtar	lørdag 21. oktober 2023, kl. 20:00
Varselfarge	Gul
Varseltekst	Det ventes lokalt kraftige vindkast på 27-33 m/s fra aust og liten storm i fjellet.
Konsekvenser	Løse gjenstander kan blåse avgårde. Mulighet for kansellerte avganger for ferje, fly eller annen transport. Broer kan bli stengt. Enkelte reiser vil kunne få lenger reisetid. Strømforsyningen kan bli påvirket, for eksempel som følge av trær som knekker eller kommer i kontakt med strømmettet. Enkelte veier kan bli stengt på grunn av trær eller andre objekter i veibanen. Snøfokk i fjellet gir redusert sikt og mulighet for kolonnekjøring og/eller stengte veier. Snøfokk gir redusert sikt og mulighet for kolonnekjøring og/eller stengte veier. Den sterke vinden kan gi lokalt høye bølger i fjordstrøk og innsjøer.
Anbefaling	Sikre løse gjenstander. Unngå unødvendig ferdsel på utsatte steder. Følg råd og sjekk status fra transportaktører. Sjekk veimeldinger (175.no). Vis forsiktighet ved ferdsel i strandsona og på sjøen. På forhånd vurder tiltak for å begrense skade.
Betydning av varslingsnivå	Utfordrende situasjon
Sannsynlighet	> 50%


Farevarsel gult nivå, kraftige vindkast, deler av Agder og fjellet i Sør-Norge

Faren øker fra	fredag 20. oktober 2023, kl. 15:00
Faren avtar	lørdag 21. oktober 2023, kl. 20:00
Varselfarge	Gul
Varseltekst	Fra fredag ettermiddag ventes kraftige vindkast fra øst og nordøst, lokalt 20-28 m/s. De kraftigste vindkastene er ventet langs kysten og i fjellet. Vinden avtar lørdag kveld.
Konsekvenser	Løse gjenstander kan blåse avgårde. Mulighet for kansellerte avganger for ferje, fly eller annen transport. Broer kan bli stengt. Enkelte reiser vil kunne få lenger reisetid. Strømforsyningen kan bli påvirket, for eksempel som følge av trær som knekker eller kommer i kontakt med strømmettet. Enkelte veier kan bli stengt på grunn av trær eller andre objekter i veibanen. Snøfokk i fjellet gir redusert sikt og mulighet for kolonnekjøring og/eller stengte veier. Snøfokk gir redusert sikt og mulighet for kolonnekjøring og/eller stengte veier. Den sterke vinden kan gi lokalt høye bølger i fjordstrøk og innsjøer.
Anbefaling	Sikre løse gjenstander. Unngå unødvendig ferdsel på utsatte steder. Følg råd og sjekk status fra transportaktører. Sjekk veimeldinger (175.no). Vis forsiktighet ved ferdsel i strandsona og på sjøen. På forhånd vurder tiltak for å begrense skade.
Betydning av varslingsnivå	Utfordrende situasjon
Sannsynlighet	> 50%

Farevarsel oransje nivå, svært kraftige vindkast, deler av Agder indre strøk av Rogaland og Hordaland

Faren øker fra	fredag 20. oktober 2023, kl. 15:00
Faren avtar	lørdag 21. oktober 2023, kl. 20:00
Varselfarge	Oransje
Varseltekst	Fra fredag ettermiddag ventes lokalt svært kraftige vindkast på 28-36 m/s fra austlig retning og full storm på kysten av Agder og i fjellet. Vindkastene er mange steder ventet å være blant de sterkeste de siste 10 år.
Konsekvenser	Gjenstander kan bli tatt av vinden eller blåse over. Fare for skade på bygninger og infrastruktur. Kansellerte avganger for ferje, fly eller annen transport forventes. Broer kan bli stengt. Mange reiser vil kunne få lenger reisetid. Strømforsyningen vil bli påvirket, for eksempel som følge av trær som knekker eller kommer i kontakt med strømmettet. Veier kan bli stengt på grunn av trær eller andre objekter i veibanen. Snøfokk i fjellet gir redusert sikt og mulighet for kolonnekjøring og/eller stengte veier. Høye bølger kan gi skade på infrastruktur og bygninger i strandsonen. Den sterke vinden kan gi lokalt høye bølger i fjordstrøk og innsjøer.
Anbefaling	Fest alle løse gjenstander. Unngå ferdsel på utsatte steder. Beregn ekstra tid til transport og kjøring. Vurder om reisen er nødvendig. Følg råd og sjekk status fra transportaktører. Sjekk veimeldinger (175.no). Behov for beredskap skal vurderes fortløpende av beredskapsaktører. Vis forsiktighet ved ferdsel i strandsona og på sjøen. På forhånd vurder tiltak for å begrense skade.
Betydning av varslingsnivå	Alvorlig situasjon

Sannsynlighet	> 50%
---------------	-------



Figur 6. Illustrasjon vedlagt farevarsel sendt torsdag 19. oktober.

Laurdag 21. oktober

Tabell 3: Oversikt over utstedte farevarsel for vindkast laurdag 21. oktober

	Utfordrende	Alvorlig	Ekstremt
Observert		Deler av Agder, og indre strok av Rogaland og Hordaland.	
Sannsynlig			
Mulig			

Farevarsel oransje nivå, svært kraftige vindkast, deler av Agder indre strok av Rogaland og Hordaland

Faren øker fra	fredag 20. oktober 2023, kl. 15:00
Faren avtar	lørdag 21. oktober 2023, kl. 18:00
Varselfarge	Oransje
Varseltekst	<p>Fra fredag ettermiddag ventes lokalt svært kraftige vindkast på 28-36 m/s fra austlig retning og full storm på kysten av Agder og i fjellet. Vindkastene er mange steder ventet å være blant de sterkeste de siste 10 år. Fra fredag kveld er det observert vindkast på 32-38 m/s på kysten av Agder, og fra natt til lørdag er det observert vindkast på 27-32 m/s på Kvamsøy i Hardanger. I Agder er vinden lørdag formiddag i ferd med å avta. I Rogaland og Vestland venter vi fortsatt lokalt svært kraftige vindkast. Lørdag ettermiddag minker vinden gradvis i hele området, først i Agder.</p>
Konsekvenser	<p>Gjenstander kan bli tatt av vinden eller blåse over. Fare for skade på bygninger og infrastruktur. Kansellerte avganger for ferje, fly eller annen transport forventes. Broer kan bli stengt. Mange reiser vil kunne få lenger reisetid.</p> <p>Strømforsyningen vil bli påvirket, for eksempel som følge av trær som knekker eller kommer i kontakt med strømmettet.</p> <p>Veier kan bli stengt på grunn av trær eller andre objekter i veibanen. Snøfokk i fjellet gir redusert sikt og mulighet for kolonnekjøring og/eller stengte veier.</p> <p>Høye bølger kan gi skade på infrastruktur og bygninger i strandsonen. Den sterke vinden kan gi lokalt høye bølger i fjordstrøk og innsjøer.</p>

Anbefaling	Fest alle løse gjenstander. Unngå ferdsel på utsatte steder. Beregn ekstra tid til transport og kjøring. Vurder om reisen er nødvendig. Følg råd og sjekk status fra transportaktører. Sjekk veimeldinger (175.no). Behov for beredskap skal vurderes fortløpende av beredskapsaktører. Vis forsiktighet ved ferdsel i strandsona og på sjøen. På forhånd vurder tiltak for å begrense skade.
Betydning av varslingsnivå	Alvorlig situasjon
Sannsynlighet	Observert - 100 %

Observasjoner fra det aktuelle området

Denne vindhendinga var relativ langvarig. For eksempel ved Røldalsfjell-Elvershei blåste det minst liten storm i mellomvind frå natt til torsdag 19. oktober og heilt fram til tidleg natt til søndag 22. oktober. I låglandet var den sterkaste vinden observert frå fredag ettermiddag til laurdag morgon, der Agder observerte den sterkaste vinden hovudsakleg fredag og Rogaland og Vestland laurdag.

Vindobservasjoner fra utvalgte stasjoner fra involverte fylke

Tabell 4 til 6 syner høgste vindkast-observasjon i høve denne hendinga for fylka Agder, Rogaland og Vestland. Kriteria for gult farevarsel er returverdi på 2 år, og ved oransje farevarsel er det returverdi på 10 år. Returverdi betyr kor lang tid det er forventa det går mellom kvar gang vi har ein observasjon på same nivå. Som observasjonene syner var dei høgste returverdiane observert i Agder, medan det generelt var lågare returverdiar på Vestlandet. Konsekvensar heng tett saman med returverdiar, og dei alvorlegaste konsekvensane vart også erfart i Agder.

Tabell 4: Høgste vindkast-observasjonar i Agder i høve stormen 20.-21. oktober. Første kolonne syner stad, deretter meter over havet, vindkastobservasjonar og returverdiar for

gult og oransje nivå. Observasjonane som overstig kriteriet er markert med gul og oransje.

Navn på stasjon	Hoh	Vindkast m/s	Returverdi gult farenivå 2 år	Returverdi oransje farenivå 10 år	Returverdi raudt farenivå 25 år
Lindesnes fyr	16	38,9	35,2	40,1	42,5
Oksøy fyr	9	36,2	29,8	33,7	35,7
Sirdal - Smøleheiknuden	920	34,9	Førebels ingen	Førebels ingen	Førebels ingen
Blåsjø	1105	34,9	32,3	36,7	39,0
Torungen Fyr	12	32,7	32,2	37,6	40,4
Sirdal-Sinnes	560	28,8	23,0	26,7	28,6
Lista fyr	14	30,9	35,2	40,1	40,1
Kjevik	12	27,0	24,2	27,6	29,3
Arendal Lufthavn	134	24,7	Førebels ingen	Førebels ingen	Førebels ingen
Landvik	6	22,0	21,0	24,6	26,4
Valle	308	20,5	25,6	30,6	33,1
Hynnekleiv	162	18,5	20,1	23,3	24,9
Byglandsfjord- Neset	207	18,3	25,8	29,4	31,2
Hovden- Lundane	841	17,6	24,0	30,7	34,1
Gjerstad Jernbanestasjon	32	13,8	21,2	24,8	26,6

Tabell 5: Høgste vindkast-observasjonar i Rogaland i høve stormen 20.-21. oktober. Første kolonne syner stad, deretter meter over havet, vindkastobservasjonar og returverdiar for gult og oransje nivå. Observasjonane som overstig kriteriet er markert med gul og oransje.

Navn på stasjon	Hoh	Vindkast m/s	Returverdi gult farenivå 2	Returverdi oransje	Returverdi raudt farenivå
-----------------	-----	-----------------	-------------------------------	-----------------------	------------------------------

			år	farenivå 10 år	25 år
Eigerøya	49	34,6	40,3	47,0	50,3
Gullingen Skisenter	639	33,2	Førebels ingen	Førebels ingen	Førebels ingen
Utsira Fyr	55	28,6	37,3	42,4	44,9
Obrestad Fyr	24	25,6	35,6	41,0	43,7
Liarvatn	300	25,4	26,3	30,2	32,3
Særheim	87	22,1	26,4	34,0	37,9
Sola	7	21,1	29,0	34,4	37,2
Røvær	25	20,6	33,8	37,6	39,5
Haugesund Lufthavn	24	20,0	31,8	36,6	39,0
Eik-Hove	65	20,5	23,5	28,1	30,4
Fister- Sigmundstad	30	16,7	24,5	28,6	30,6

Tabell 6: Høgste vindkast-observasjonar ved utvalgte stasjonar i Vestland i høve stormen 20.-21. oktober. Første kolonne syner stad, deretter meter over havet, vindkastobservasjonar og returverdiar for gult og oransje nivå. Observasjonane som overstig kriteriet er markert med gul og oransje.

Navn på stasjon	Hoh	Vindkast m/s	Returverdi gult farenivå 2 år	Returverdi oransje farenivå 10 år	Returverdi raudt farenivå 25 år
Røldalsfjellet- Elvershei	1370	56,5	48,2	54,3	57,3
Folgefonna Skisenter Topp	1390	48,6	43,8	53,1	57,8
Midtstova	1162	37,8	37,4	42,3	44,8
Basura	568	36,9			
Kvamsøy	49	32,0	33,2	39,1	42,0
Kvamskøgen- Jonshøgdi	455	30,7	29,8	36,6	40,0

Klevavatn	960	30,1	33,0	37,9	40,4
Fet i Eidfjord	735	25,1	27,5	31,5	33,6
Finsevattn	1210	26,1	33,9	39,8	42,8
Sandhaug	1250	23,8	32,3	40,0	43,9
Bergen- Florida	12	21,3	27,7	33,3	36,1


Rekordar

Oksøy fyr og Sirdal-Sinnes skiljer seg ut med returverdiar over 25 år. Oksøy fyr har registrert vindkast cirka sidan år 2000, og 36,2 m/s er det høgste vindkastet observert ved denne stasjonen sidan Dagmar 2. juledag i 2011 (38,8 m/s). Om ein ser på middelvind, må ein tilbake til 6. november i 1996 for å finne lik eller høgare verdi. I 1996 vart middelvinden observert til 27,3 m/s, mot 26,8 m/s ved denne hendinga. For Sirdal-Sinnes må ein tilbake til 1. januar 2016 for å finne eit høgare vindkast enn ved denne hendinga. Om ein ser på middelvind, skal ein ikkje lenger tilbake enn til 4. januar i år for å finne ein høgare verdi.

Konsekvensar

Skader og infrastruktur

Trefall, som igjen førte til straumbrot, var dei største konsekvensane i dette uveret. Nettstaden xgeo.no har oversikt over innrapporterte trefall, og oversikt for fredag finst i figur 7.



Figur 7. Innrapporterte trefall fredag 20. oktober, frå xgeo.no

Utvalgte konsekvensar:

- [Fra Solabladet](#): Kraftige vindkast fører til forsinkelser i flytrafikken
- Fredag kveld meldte Agder Energi om at 14 000 husstander var uten straum.
- Hardangerbrua vart stengd i periodar fredag og laurdag på grunn av vind.
- Laurdag morgon vart ferja mellom Kinsarvik og Utne i Hardanger innstilt på grunn av veret.
- Også i Rogaland var det meldt om fleire tre i vegbana, og Sørlandsbanen var stengd mellom Moi og Egersund på grunn av tre som låg over sporet og skadde kablar.
- Laurdag morgon var antall husstander uten straum oppe i 20 000, meldte Agder Energi. Dette inkluderte også ein sjukeheim.
- Leiteaksjon ved Trolltunga måtte avbrytes fredag kveld på grunn av veret. Laurdag føremiddag vart leitaksjonen starta opp att, og det resulterte i funn av ein død person.
- I Rogaland og Hordaland var det på laurdag meldt om fleire trefall, straumbrot, kansellering av ferjer, og nokre tak som vart tatt av vinden. Her virka likevel konsekvensane å vere lågare enn i Agder.

Medieklipp

21. oktober 19:50 Elise Rønnevig Andersen

DEL 

Forsikringsselskapene om skademeldingene etter «Babet»: – Det renner inn



Foto: Elisabeth Grosvold Altenborg NTB

Hos IF har de i skrivende stund fått inn i underkant av 100 skademeldinger på grunn av uværet «Babet».

– Men erfaringsvis kommer sakene litt i etterkant av uværet, sier kommunikasjonsdirektør, Andreas Handeland.

Gjensidige har så langt har mottatt 50 skader.

– Det blåser fremdeles kraftig, så vi forventer flere skademeldinger, sier kommunikasjonssjef i Gjensidige, Arne Voll.

Frende forsikring har mottatt 40 skademeldinger, opplyser kommunikasjonssjef Heidi Slettemoen.

– Det renner inn, sier hun og legger til at det i hovedsak dreier seg om takskader, lekkasjer og velte trær.

Tryk forsikring informerer om at de har 20-30 innmeldte skader på Sørlandet.

Figur 8. Utdrag fra sanntidsoppdateringa til VG laurdag 21. oktober.

Oppsummering/Konklusjon

Torsdag 19. oktober til laurdag 21. oktober hadde vi ein situasjon der eit kraftig lågtrykk over Storbritannia kombinert med eit sterkt høgtrykk over Nord-Skandinavia, laga eit kraftig austleg vindfelt. Dette førte til at det vart sendt eit oransje farevarsel for vindkast frå fredag ettermiddag til laurdag kveld i deler av Agder, Rogaland og Hordaland.

I etterkant av hendinga viste observasjonane for vindkast i Agder god overeinskomst med det som var varsla. Blant anna var det på Lindesnes observert sterk storm og vindkast på 37,5 m/s, medan det var varsla opp til 36 m/s. Konsekvensane var også i tråd med kva som er forventa ved eit oransje varsel, med mange trefall, straumbrot og problem med gjenstandar som bles av garde.

Oksøy fyr observerte full storm 26,8 m/s i maksimal middelvind ved denne hendinga, og vindkast på 36,2 m/s. Generell grense for raudt farenivå går ved 36 m/s, og 26,2 m/s er også over 25 års returverdi, som på stasjonsnivå er satt som grensa for raudt farenivå. Ein må tilbake til 6. november 1996 (27,2 m/s) for å finne høgare maksimal middelvind. Også Sirdal-Sinnes observerte eit vindkast med over 25-års returverdi eller raudt farenivå. Ved oransje farenivå er det ikkje uvanleg at nokre få observasjonar ligg nær eller rett over grensa for raudt farenivå.

I Rogaland og Hordaland er det dessverre eit litt begrensa observasjonsnett i indre strok. Av observasjonane i låglandet var det Kvamsøy som var høgst med 32 m/s. Dette er innafor oransje farenivå på stor skala, men vi veit at dette er ein vindutsatt stasjon som får så kraftige vindkast oftare enn kvart andre år. Det vart ein del konsekvensar også i Rogaland og Hordaland, men generelt på meir lokal skala enn i Agder. Ein kan kanskje derfor argumentere for at det hadde vore nok med eit gult varsel for dette området, men på ei anna side er underrapportering av konsekvensar i ulike media heller ikkje uvanleg.